

# Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Åseral kommune

## Kapittel 1. Generelle føresegner

Abonnentar betaler for vass- og avløpstenester levert av kommunen. Forholdet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover og forskrifter, samt av lokale reglement, føresegner, regulativ og deklarasjonar. Dei viktigaste dokumenta er lista opp nedanfor:

1. Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg
2. Lov om vern mot forurensinger og om avfall (forurensingsloven)
3. Forskrift om begrensning av forurensing (forurensingsforskriften)
4. Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Åseral kommune (dette dokumentet)
5. Andre dokument:
  - a. Prisliste
  - b. Føresegner for bruk av vassmålarar
  - c. Standard abonnementsvilkår

### § 1-1. Formål

Forskrifta gir føresegner om berekning og innbetaling av gebyra abonnentane skal betale for dei vass- og avløpstenestene kommunen leverer.

### § 1-2. Verkeområde

Forskrifta gjeld alle kommunen sine abonnentar, sjå definisjon i § 1-3.

### § 1-3. Definisjonar

*Abonnet:* Eigar/festar av eigedom som er registrert i grunnboka med eige gards- og bruksnummer, ev. eige festenummer eller seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer), som er tilkopa kommunal vass- og avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning. Same gjeld festar av eigedom der festeavtalen ikkje er registrert i grunnboka (tinglyst), men der festaren eig dei bygningane som er plassert på tomte, og utøver festerett slik som det går frem av lov om tomtefeste. For festeavtaler med kort festetid (feste til anna enn bustad og fritidsbustad), kan det vere aktuelt at annan enn festar skal vere abonnent. Eigar/festar av eigedom, som kommunen i medhald av plan- og bygningslova § 30-6, § 27-1 og § 27-2, eller forureiningslova § 23 har kravd tilkopa kommunal vass- og/eller avløpsleidning.

*Abonnementsgebyr:* Årsgebyret sin faste del, som skal dekkje kommunen sine faste kostnader for vass- og/eller avløpstenester.

*Bruksareal (BRA) etter NS 3940 (forenkla):* Forenkla kan ein seie at bruksareal omfattar:

- Arealet innafor bygningens omsluttande vegger og
- Del av fellesareal som tilhøyrar bustaden, men som ligg utanfor bustaden sine omsluttande veggar.

For detaljar sjå NS 3940.

*Bruksendring:* Med endring i bruken av eigedomen meinast her endring mellom ulike kategoriar, som for eksempel bustad, fritidsbustad/hytte og nærings-/offentleg verksemd.

*Eingongsgebyr for tilkopling:* Eingongsgebyr for etablering av abonnement på vass- og/eller avløpstenester.

*Eining:* Med ei eining i denne forskrifta meinast ei bueining eller ei næringseining. Med bueining meinast einebustad, leilegheit, kårhus, hytte eller fritidsbustad.

Ei næringseining er sjølvstendige lokale (eigen eining) som blir brukt eller leigt ut til næringsverksemd. Eksempel på næringseining er driftsbygning, verkstad, forretning, kontor, pensjonat, hotell eller institusjon.

Eit gardsbruk med eitt våningshus og ein driftsbygning blir rekna som ei næringseining.

*Felles privat stikkledning:* Privat ledning eigd i fellesskap av abonnentar som er tilkopla det kommunale leidningsnettet via den felles private stikkledningen.

*Forbruksgebyr:* Årsgebyret sin variable del som skal betalast etter forbruk (målt eller stipulert).

*Fritidsbustad:* Fast eigedom med bygning regulert/godkjent til fritidsbustad.

*Prisliste:* Kommunen sin gjeldande prisoversikt for vass- og avløpsgebyr. Satsane i prislista blir oppdatert årleg gjennom vedtak i kommunestyret.

*Næringsverksemd:* Ervervsmessig verksemd.

*Offentleg verksemd:* Verksemd driven av stat, fylkeskommune eller kommune.

*Stipulert forbruk:* Forventa forbruk hos ein abonnent fastsett på basis av bygningen sitt bruksareal.

*Tenestedeclarasjon:* Eit dokument der rettigheter og plikter for abonnenten og kommunen vert klarlagt, samt kva som skjer når desse ikkje blir overhalde og kva for klagemoglegheiter som finst.

**Årsgebyr:** Det samla gebyret som skal betalast årleg av abonnentar for kommunen sine vass- og/eller avløpstenester. Årsgebyret består av abonnementsgebyr og forbruksgebyr.

#### **§ 1-4. Gebyrtypar**

Følgjande gebyrtypar gjeld for vass- og avløpstenester:

- Eingongsgebyr for tilkopling
- Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr)

I tillegg kan kommunen krevje betaling etter standardiserte satsar for kommunen sine kostnader ved avlesing av vassmålar, samt avstenging og påsetting av vassforsyning.

## **Kapittel 2. Eingongsgebyr for tilkopling**

### **§ 2-1. Gebyrplikt**

Eingongsgebyr for tilkopling skal betalast:

1. Bebyggd eigedom koplast til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg direkte eller indirekte.
2. Oppføring av nye bygg på eigedom som koplast til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg
3. direkte eller indirekte.
4. Ved krav om at bygg på eigedom skal koplast til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg med heimel i plan- og bygningslova § 27-1 eller § 27-2.

### **§ 2-2. Utforming av gebyret**

For eigedom som inneheld fleire einingar skal det betalast eingongsgebyr for tilkopling for kvar eining.

Eingongsgebyret skal vere lik for kvar eining. Kommunen kan likevel fastsette avvikande eingongsgebyr for tilkopling dersom vass- og avløpsanlegg eller større eining av dette fører til vesentleg høgare eller lågare kostnader enn dei andre.

Storleiken på gebyret blir fastsett årleg av kommunestyret og går frem av prislista.

## Kapittel 3. Årsgebyr

### § 3-1. Gebyrplikt

Årsgebyr skal betalast for alle eigedommar som er tilkoplå kommunal vass- og/eller avløpsleidning direkte eller indirekte eller gjennom felles stikkleidning eller som kommunen i medhald av plan- og bygningslova § 27-1, § 27-2 eller § 30-6 har kravd tilkoplå kommunal vass- og/eller avløpsleidning.

Årsgebyret reknast frå den tidlegaste dagen for mellombels bruksløyve eller dato då eigedommen blei teke i bruk dersom mellombels bruksløyve eller ferdigattest ikkje er gitt.

### § 3-2. Utforming av gebyret

Årsgebyret for vass- og avløpstenester skal betalast av alle abonnentar og består av to delar:

- Abonnementsgebyr (fast del)
- Forbruksgebyr (variabel del)

Samla abonnementsgebyr for kommunale vasstenester skal dekkje kommunen sine forventa faste kostnader knytt til vasstenester. Resten skal dekkjast inn av forbruksgebyret.

Samla abonnementsgebyr for kommunale avløpstenester skal dekkje kommunen sine forventa faste kostnader knytt til avløpstenester. Resten skal dekkjast inn av forbruksgebyret.

Storleiken av abonnementsgebyr og forbruksgebyr blir fastsett årleg av kommunestyret og går frem av prislista.

### § 3-3. Abonnementsgebyr

Abonnementsgebyret blir differensiert etter brukarkategoriane: Fritidseigedom og bustad. Alle abonnentar i ein brukarkategori betaler eit like stort fast beløp.

- Abonnementsgebyr for fritidseigedom
- Abonnementsgebyr for fast busetnad og næring

Abonnementsgebyr skal for begge kategoriar betalast per eining/bueining. Abonnementsgebyret går frem av prislista.

### **§ 3-4. Forbruksgebyr**

Alle abonnentar betalar etter faktisk (målt) vassforbruk og pris per m<sup>3</sup>. Dersom abonnenten ikkje installerer eller melder inn målarstand skjer betaling etter stipulert forbruk basert på bruksareal.

Faktor for omrekning av stipulert forbruk (m<sup>3</sup> /m<sup>2</sup> ) er definert i prislister.

For alle abonnentar gjeld at avløpsmengde blir rekna lik mengde vatn, sjå dog § 8.

### **§ 3-5. Avvik i årsgebyret**

For næringsverksemd og offentleg verksemd, der samansetninga av avløpsvatnet avvik frå vanleg avløp frå hushaldning og verkar fordyrande/innsparende på drift og vedlikehald av kommunen sitt avløpsanlegg, kan det bereknast eit påslag/frådrag til forbruksgebyret for avløp basert på dei forventa ekstrautgiftene/innsparingane.

Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i levering eller mottak av avløp, gir ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra. Forhold som gir grunnlag for reduksjon av gebyra går frem av kommunen sine leveringsvilkår for drikkevatt/avløpstenester.

### **§ 3-6. Pålegg om utbetring**

Kommunen kan krevje alle kostnader direkte forbunde med tiltak som følgje av at abonnenten ikkje har etterkomme pålegg om å utbetre lekkasjar på vassleidning, stikkleidning eller sanitærutstyret på eigedommen. Ved omlegging eller utbetring av avløpsleidningar kan kommunen krevje at eigar av tilknytte stikkleidning gjer same omlegging eller utbetring.

Gebyrpliktig som ikkje etterkommer pålegg om utbetring av lekkasjar med fører til forureining kan ileggast tvangsmulkt etter forureiningslova § 73. Jf. forureiningslova § 74 kan kommunen følgje opp eit pålegg om utbetring ved å sjølv syte for å utbetring for den ansvarlege sin rekning og risiko.

Kommunen kan pålegge abonnenten å utbetre eigne anlegg for drikkevatt innan gitt frist som grunnlag for å kunne fastsette vassforbruket. Dersom forholdet ikkje er utbetra innan fristen blir årsforbruket stipulert.

## Kapittel 4. Vassmålar

### § 4-1. Vassmålar

Alle abonnentar skal installere vassmålar.

For installasjon, bruk og leige av vassmålar gjeld kommunen sitt reglement.

Kostnader for installasjon, drift, avlesing mm. må abonnenten koste.

Gebyr for leige av vassmålar inngår i årsgebyret.

### § 4-2. Avlesing av vassmålar

Abonnenten skal lese av vassmålar så nær fastsett tidspunkt som mogleg og sende resultatet til kommunen innan fastsett frist.

Unnlèt abonnenten å lese av vassmålaren, kan kommunen fastsette årsgebyret skjønnsmessig. Dersom abonnenten unnlèt å lese av vassmålaren kan kommunen sjølv foreta avlesing utan ytterlegare varsel til abonnenten og krevje gebyr til dekning av kommunen sine kostnader med dette.

## Kapittel 5. Mellombels tilkopling

### § 5-1. Mellombels tilkopling

Med mellombels tilkopling meinast bygg/anlegg som har innlagt vatn, men kor bygget/anlegget ikkje er i permanent bruk og/eller berre skal brukast i ein avgrensa periode. Eit eksempel er anleggsbrakker. Bygg brukt som fritidsbustad blir ikkje oppfatta som mellombels. Alle tilkoplingar og fråkoplingar krev rørleggarmelding.

### § 5-2. Betaling

Eigar/festar av eigedommen skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar, med avrekning i forhold til den tida tilkoplinga er operativ. Storleiken på gebyret går frem av prislista.

Det skal ikkje betalast eingongsgebyr for tilkopling, men alle kostnader vedkommande tilkopling og fråkopling skal kostast av eigar/festar av eigedommen.

Mellombels tilkopling gjeld for opp til eit år, med moglegheit for å søke forlenging.

Eingongsgebyr for tilkopling skal betalast dersom tilkoplinga vert oppretthaldt utover kommunen si godkjenning av mellombels tilkopling.

## Kapittel 6. Innbetaling av årsgebyr

### § 6-1. Innbetaling

Forfalt krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedommen etter lov om pant (panteloven) § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

Abonnenten er ansvarleg for innbetaling av gebyra.

For nye bygg sender kommunen faktura for eingongsgebyr for tilkopling til abonnenten samstundes som igangsetjingsløyve.

For eksisterande bygg sender kommunen faktura når bygget blir tilkopla kommunen si leidning, eller når kommunen har stilt krav om tilkopling etter plan- og bygningslova § 27-1, § 27-2 og/eller § 30-6. Eingongsgebyr for tilkopling forfell til betaling seinast ved tilkopling.

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr blir kravd inn på felles faktura og blir fordelt på inntil 12 terminar.

Årsgebyr blir rekna frå den dagen vassmålar er installert, eller frå den dagen bygget vert teken i bruk.

Gebyr for mellombels tilkopling blir fakturert særskilt.

Avlesing av målt vassforbruk skal gjerast ein gong per år. Forbruksgebyret blir betalt à konto fordelt på valde terminar, basert på fjorårets forbruk. Avrekning skjer på faktura året etter.

Dersom abonnenten sitt forbruk har endra seg vesentleg frå siste målaravlesing, kan kommunen endre à konto-beløpet.

Etter søknad kan kommunen gi fritak for årsgebyret når gebyrpliktig eigedom fysisk blir kopla ifrå kommunen sitt leidningsnett. Ved innvilga søknad om fritak stoppar abonnementet når melding om at anboringspunktet er plombert er motteke. Ny tilkopling av eigedommen krev ikkje ny betaling av eingongsgebyr for tilkopling. Kostnader med å kople frå og ev. ny tilkopling må dekkjast fullt ut av abonnenten. Arbeidet skal utførast etter kommunen si tilvising.

## Kapittel 7. Avsluttande føresegner

### § 7-1. Vedtaksmynde

Vedtak etter denne forskrift skal fattast av kommunestyret eller av delegert myndigheit.

### **§ 7-2. Klage**

Enkeltvedtak etter denne forskrifta følgjer forvaltningslova kap. IV–VI og kan på klagast. Klagen skal sendast til den instansen som har fatta vedtaket.

Vedtak om storleiken på gebyra er forskrift og blir vedteken av kommunestyret, jf. forvaltningslova kap. VII, og kan ikkje på klagast.

### **§ 7-3. Ikrafttreden**

Forskrifta trer i kraft ....